

Tre like konsonantar i sekvens

Det finst mange samansette ord der den eine lekken sluttar på ein dobbel-konsonant, og den neste lekken startar med den same konsonanten. Såleis vil «**kunststoff**» og «**folie**» i samansetjing gi «**kunststoffolie**». Men dette blir feil ettersom det aldri skal vere tre like konsonantar etter kvarandre på norsk. Skrivereglane (bokmål og nynorsk) gir oss her to val – anten å stryke ein konsonant, eller å setje inn ein bindestrek. Vi kan altså velje mellom å skrive **kunststoffolie** eller **kunststoff-folie**. Begge delar er rett.

Bindestrek som «problemløysar»

Men sjølv om forma **kunststoffolie** er korrekt, oppstår det lett feil ved orddelingar. Lat oss ta eit eksempel:

Dersom ordet «**kunststoffolie**» skal delast, må det skrivast «**kunststoff-folie**» – altså med tre f-ar.

Dersom ein ikkje har eit orddelingsprogram som taklar dette, må ein ved orddeling setje inn ein ekstra konsonant manuelt. Men om det er sett inn ein ekstra konsonant, og det deretter blir gjort ei endring i teksten, slik at ordet ikkje lenger blir delt – ja, då oppstår ein sekvens på tre like konsonantar:

Ein liten korrektur kan gi eit uønskt toppunkt, når orddelinga fell bort!

Vel ein derimot alternativet med bindestrek, er heile dette problemområdet effektivt eliminert. Dessutan har ein, især for lange ord, valt ein meir lesevennleg

skrivemåte – til glede for alle dei av oss som slit med lesevansk av noko slag.

Mange aktuelle ord

Nedanfor står eit lite og noko tilfeldig utval av dei mange orda som kan skrivast med bindestrek, eller med to konsonantar:
buss-sjåfør, butikk-kjede, gass-strid, fjell-lendt, fotball-lag, gull-landet, gløgg-gryte, hermeneutikk-kurs, Internett-tilgang, kunsttrykk-kartong, nett-terminologi, nett-tilkobling, opp-pussing, prosess-steg, prosess-stabilitet, sjakk-klubb, stikk-kontakt, stoff-fri, tariff-forhandling, topp-plassering, trykk-kontrast, vill-leie.

Skriv ein desse og alle andre ord av same kategori konsekvent med bindestrek – slik det er gjort her – unngår ein feil og «plunder».

Misvisande

Somme ord blir uklåre eller får gal tyding om ein trekker saman frå tre til to konsonantar: Står det «**gulland**», kan det vere uklårt om ein meiner «**gull-land**» eller ei and av gull. Direkte misvisande blir det når ei avis skriv «**busseier**» i ei overskrift om bygdefolk som gledde seg over å ha sigra i ein «**buss-strid**».

Eit relativt nytt problem

I gamle dagar – då typografane enno sette tekstar for hand eller på settemaskin – var dette knapt noko problem. Typografen la inn ein ekstra konsonant der det trøngst.

Men no kjem mest alle tekstar i digital form. Orddelingane blir gjort av ein datamaskin og knapt nokon les korrektur etter ombyrting. Difor er dette blitt eit problem.

Kva kan gjerast?

Ei (trueleg utopisk) løysing er, før trykking, å kontrollere alle orddelingar, og rette dei som er feil. Ei anna løysing kan vere at redaksjonshandbøker og forfattarrettleiingar tilrår at slike samansette ord skal skrivast med bindestrek. Den beste løysinga vil likevel vere at programvara som nyttast til ombyrting har orddelingsalgoritmar og unntaksordlister som taklar dette problemet. Spørsmålet er berre om slik programvare finst.

Redaksjonen mottar gjerne innspel på sskarsbo@online.no om dette problemområdet.

Fordi en parabel er symmetrisk omkring sitt toppunkt, vil toppunktets

Fordi en parabel er symmetrisk omkring sitt toppunkt, vil topp-punktets

Dersom tre like konsonantar blir trekte saman til to (øvst), vil det gi feil ved automatisk deling av ordet. Dersom ein i staden set inn ein bindestrek (nedst), blir skrivemåten alltid rett – uavhengig av om ordet blir delt eller ikkje.